

MUSIKK- OG AKTIVITETSTILBOD FOR ELDERE 2016.

Stord Kulturskule ynskjer å vidareføre prosjektet som me har hatt for den kulturelle spaserstokken i Stord kommune sidan 2010/2011.

Aktiviteten er eit musikk- og aktiviseringstilbod for eldre som bur på institusjonar og heime. I prosjektet samarbeider me med Frivillighetssentralen (matsservering) og eldreinstitusjonar. Om lag 60-70 eldre kjem ein gong i månaden på tiltaket for musikkoppleving, rørsle, song og sosialt samvær. Institusjonane syter for transport. Dette gjev dei eldre høve til å få ei konsertoppleving og ei variert konserttrekke tilpassa deira eigen livssituasjon, då mange ikkje har høve til å delta på offentlege konsertar. Brukarane er svært nøgde med tilbodet.

Kulturskulen bruker slik kompetanse i tilbodet: Trio Vest (profesjonell trio; fløyte, cello og klavér), dansepedagog og ein gjestemusikar/songar på kvar samling.

Tilbodet for dei eldre skal vera ein gong pr. månad i 10 månader med 1, 5 til 2 timar kvar gong. Ein time skal brukast til musikk- og aktiviseringstilbod medan den andre timen skal brukast til sosiale aktivitetar med servering av kaker og kaffi/te. Kulturskulen tek ansvaret for det kunstnarlege innhaldet. Me nyttar foajeen i Stord Kulturhus til gjennomføringa av prosjektet. I Kulturhuset har Kulturskulen også alt utstyr som me vil nytte i prosjektet.

Budsjett:

Trio Vest, 10 konsertar a kr 6000,-	60.000,-
Dansar og gjestemusikarar	20.000,-
<u>Servering</u>	<u>15.000,-</u>
Søknadssum	95.000,-

Førebuing/øving for musikarane, administrasjon og planlegging vert dekkja av Kulturskulen.

Når det gjeld husleige vil me søke om å samarbeide med kulturhuset om mogeleg fortsatt å få nytte Kulturhuset kostnadsfritt til opplegget.

Me har gode erfaringar med konsertane og publikum set stor pris på dei, me kan godt tenkje oss å framføre konsertane i våre nabokommunar, men da i samarbeid med Frivillighetssentralen i dei aktuelle kommunane.

Stord 27. september 2015

Anne Lene Østvold Jordåen, rektor Stord kulturskule